

3.5.2 Brusand 2 – Tidlegare bensinstasjon og Askeladden barnehage og oppgradering av Fuglestadvegen m/kryss

Felt på kartet:	B10, B11 og V9
Gnr./bnr. og ev. adresse:	Gnr. 108 bnr. 62 og 74

Eksisterande situasjon:	Kommuneplan vedtatt i 2014:	Endring i ny kommuneplan:
		

Om endringa	
Eksisterande formål:	Tenesteyting, veg og næring
Nytt formål:	Tenesteyting og veg
Arealstorleik:	5,2 dekar (daa)
Arealrekneskap:	1,5 daa endrar føremål frå næring til tenesteyting. I tillegg til 2,3 daa veg som ikkje endrar formål, men vert oppgradert.
Omtale:	Ein eigedom som tidlegare har vore nytta som bensinstasjon (gnr. 108 bnr. 62). Tomta vert endra til tenesteyting. Barnehagen forblir på eksisterande tomt. Eigedommen det gjeld vert parkeringsareal for barnehagen. I tillegg vert krysset Fuglestad x Auren retta opp og Fuglestadvegen skal kunna oppgraderast med fortau.

Samla vurdering	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi om å konsentrere tenesteyting i stasjonsbyane og gjev betre trafikktryggleik.
Negative konsekvensar:	Støyusatt område og fare for kvikkleire i tillegg til å ligga i aktsemdssone for flaum.
Oppsummert:	Nedlagt bensinstasjon vert endra til tenesteyting.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Krav om oppgradering av Fuglestadvegen med fortau og å retta opp krysset Auren x Fuglestadvegen. Avbøtende tiltak mot støy. Krav om grunnundersøking og eventuell utskifting av masser.

Verknad		
Samfunn		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Nasjonale og regionale mål og føringar		Brusand er ikkje innanfor regionalt prioriterte utviklingsområde, men bidreg til vidareutvikling av eksisterande tettstad. Endring i status samsvarar med regionalplan Jæren og Søre Ryfylke om fortetting «innanfrå og ut» i stasjonsbyane. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi, konsentrere tenesteyting i stasjonsbyane, fortetting, med høg arealutnytting og skape gode bumiljø. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Ingen endring.
Mobilitet og transport		Oppgradering av Fuglestadvegen gjer betre mobilitet og tryggleik for både mjuke og harde trafikantar. Barnehagen forblir sentralt plassert i Brusand. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det meste infrastruktur er på plass. Noko kostnader er knytt til endring av krysset Auren x Fuglestadvegen. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Auka aktivitet og oppgradering i sentrum legg til rette for gode og trygge bumiljø. Ubetydeleg konsekvens.
Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse		
Uønska hending	Risiko (sannsyn x konsekvens)	Kommentar
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum og i sone med middels moglegheit for at det finst kvikkleire. Endra arealføremål gjer ikkje auka risiko for naturfare. Høg risiko.
Store ulykker		Det er ikkje noko som tyder på at det er større risiko her enn eksisterande situasjon i stasjonsbyen.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Trafikksikkerheit vert betre ved etablering av fortau og utbetring av

		krysset Auren x Fuglestadvegen som vert retta opp. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		Tidlegare bruk er nedlagt bensinstasjon. Bensinstasjonen kan potensielt ha etterlate forureining i bakken. Middels risiko.
Miljø		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Naturmangfald		Området er allereie utbygd. Ingen kjende registreringa, med unntak av tidlegare registrering i Viktige landskap i Rogaland (Kvassheim-Sirevåg). Ligg nær viktige kulturminne, men endra bruk råkar ikkje desse meir enn dagens situasjon. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		Det skal etablerast ny barnehage med leikeplass som vil kunna nyttast som leikeplass på kvelden og i helger. Positiv konsekvens.
Forureining		Det er ikkje kjend forureining i grunnen, men tidlegare bruk som bensinstasjon har potensiale for foreining i grunn, jf. omtale om verksemdsrisiko ovanfor. Området er råka av støy frå fv. 44 Nordsjøvegen og Fuglestadvegen i tillegg til noko frå jernbanen. Avbøtande tiltak vert naudsynte. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området er allereie utbygd og råkar ikkje landbruksjord eller andre mineralressursar. Ingen konsekvens.

3.5.2.1 ROS-analyse – Fare for flaum/stormflo

3.5.2.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på bustadområde.

3.5.2.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F2 omfattar byggverk rekna for bustad. Årleg sannsyn 1/200.

3.5.2.1.3 Årsaker

- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum.
- Ekstremnedbør, auka nedbørsintensitet
- Overfløyning av Bjåvatnet og tilbakestuving i kanal (Fuglestadvassdraget – stort nedslagsfelt)
- Harde flater og manglande flaumveger
- Auka mengde vatn i nærliggjande bekker, og avrenning frå nordvest (Stokkalandsmarka-området)
- Avrenning frå eksisterande bustadområde

3.5.2.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.
- Flaumsikringstiltak på Brusand/Stokkalandsmarka
- Landbruksareal i nærleiken av planområdet som kan ha ein drenerande effekt.
- Nyleg oppgradert overvassledningar
- Flaumrapport i samband med plan 1169.

3.5.2.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot flaum, men evna til gjenoppretting vil vere mogleg – vurderast som moderat sårbar.

3.5.2.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

Grunngjeving for sannsynet:

- Største nominelle årlege sannsyn er satt til 1/200.

3.5.2.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader.

					Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet		X			Vurdert ut frå tal og varigheit: Konsekvensane for stabilitet vurderast til middels, då ein flaum i planområdet kan vaske ut massar og øydelegge vegkroppen og redusere framkjømda i området for ein kort periode
Materielle verdiar		X			Vurdert ut frå direkte skade på eigedom: Overfløyming kan gi store materielle skadar på bygningsmassar og vegar.

Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

3.5.2.1.8 Usikkerheit

Usikkerheit	Grunngjeving
Middels	• Det er knytt middels usikkerheit til hendinga då det er utarbeida ein flaumutredning for området i plan 1169 som ligg i nærleiken, sjå rapporten Flaumsikringskonsept Brusand (2016) og Notat Hydraulikk Brusand (2022) av Dr. Blasy og Dr. Øverland.

3.5.2.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Krav om flaumutgreiing ved regulering/byggesak.
- Heve byggeområdet

3.5.2.2 ROS-analyse – Fare for skred/ustabil grunn

3.5.2.2.1 Skildring av uønska hending

- Skred/områdeskred/utgliding

3.5.2.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse S3 omfattar byggverk som barnehagar og bustadblokk. Årleg sannsyn 1/1000

3.5.2.2.3 Årsaker

- Ligg i sone der er middels moglegheit for marin leire.

3.5.2.2.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Eksisterande bygg og grunnundersøking er gjennomført i samband med plan 1169.

3.5.2.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot utgliding av massar, men evna til gjenoppretting er god – moderat sårbart.

3.5.2.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		1/1000

Grunngjeving for sannsynet:

- Det er utarbeida ikkje utarbeida geoteknisk undersøking av området, men i nærleiken i plan 1169. Områda har tidlegare vore bygde.

3.5.2.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				Vurdert ut frå skadeomfang: Kan i verste tilfelle føra til død.
Stabilitet	X				Vurdert ut frå tal og varigheit: Utglliding av grunnmassane vil medføre store konsekvensar for stabiliteten i person- og varetransporten på jernbanen.
Materielle verdiar	X				Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:

					Hendinga kan medføre store materielle skader på jernbane og bygningar.
--	--	--	--	--	--

Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskete hendinga kan gje:

- store konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- store konsekvensar for materielle verdiar.

3.5.2.2.8 Usikkerheit

Usikkerheit	Grunngjeving
Stor	• Det er stor usikkerheit knytt til vurderinga. Dette fordi det er ikkje gjennomført geologiske undersøkingar av områda, men i nærleiken i plan 1169.

3.5.2.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett aktsemdssone i kommuneplankart.
- Krav om grunnundersøking ved regulering og skredrapport.